

Saksbehandlar: Lisa Marie Hillestad Ålsberg, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 19/6788-2

## Tertialrapport 2/19

**Fylkesrådmannen rår hovudutvalet til å gje slik tilråding:**  
**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**  
**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

### A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2019

- 1 Budsjettet fylkesskatt vert auka med 5,000 mill. kr
- 2 Rammetilskotet vert auka med 1,900 mill. kr
- 3 Lokale inntekter vert auka med 44,000 mill. kr
- 4 Bruk av bundne fond vert auka med 7,434 mill. kr og bruk av disposisjonsfond vert auka med 6,599 mill. kr
- 5 Utlån til andre vert auka med 2,000 mill. kr
- 6 Driftsmidlar til investering vert auka med 2,180 mill. kr
- 7 *Teneste 4009 Avsett til løns- og prisvekst vert redusert med 28,433 mill. kr  
Sektorbudsjetta vert auka med 23,322 mill. kr i tråd med vedlegg 2.*
- 8 Sektorbudsjettet til politisk styring, plan og forvaltning, teneste 4210 Bygge- og eigedomsforvaltning, vert auka med 1,200 mill. kr.
- 9 Sektorbudsjettet til opplæring vert redusert med 1,200 mill. kr med slik fordeling:
  - Teneste 5100 Utgifter til lokale vert redusert med 4,200 mill. kr*
  - Teneste 5200 Utdanningsprogramma vert redusert med 6,000 mill. kr*
  - Teneste 5202 Gjestelevlar vert auka med 0,800 mill. kr*
  - Teneste 5701 Opplæring i bedrift vert auka med 8,000 mill. kr*
  - Teneste 5901 Privatisteksamen vert redusert med 0,700 mill. kr*
  - Teneste 5313 Jordbruksskullegardar vert auka med 0,900 mill. kr*
- 10 Sektorbudsjettet til samferdsle vert redusert med 1,800 mill. kr med slik fordeling
  - Teneste 7223 Fylkesvegar – uføresette hendingar vert auka med 3,400 mill. kr*
  - Teneste 7303 Ungdomstilbod vert redusert med 0,500 mill. kr*
  - Teneste 7306 Diverse kollektiv vert redusert med 4,200 mill. kr*
  - Teneste 7321 Båt – diverse vert redusert med 1,500 mill. kr*
  - Teneste 7322 Båt – ekspress vert auka med 1,500 mill. kr*
  - Teneste 7331 Tilrettelagt transport vert redusert med 0,500 mill. kr*
- 11 Sektorbudsjettet til næring og kultur vert auka med 25,620 mill. kr med slik fordeling:
  - Teneste 7011 Kommunikasjonsteknologi (breiband) vert auka med 4,190 mill. kr.*
  - Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele ihht. prioritert liste i HNK-sak 41/19.*
  - Teneste 7015 Nyskaping vert auka med 14,310 mill. kr.*
  - Teneste 7012 Bransjeretta satsingar vert auka med 1,500 mill. kr. Fylkesutvalet får ansvaret for å følgje opp denne løyvinga. Jf. samtidig sak om Mineralråd.*

Teneste 7500 Kulturminnevern vert redusert med 0,380 mill. kr

Teneste 7750 Idrett vert auka med 6,000 mill. kr.

12 Avsetjing til disposisjonsfond vert auka med 42,044 mill. kr, med slik fordeling:

- «Nynorskhus» i Førde med 18,000 mill. kr
- Skadefond for fylkesvegnettet med 24,044 mill. kr

## **B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2019**

- 1 Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 5.
- 2 Investeringsprogrammet for fylkesvegar med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 6.

## **C. Andre områder**

- 1 Rapportering på finansporteføljen i vedlegg 8 vert teken til vitande.
- 2 Rapportering på konsesjonskraftomsetjing i vedlegg 9 vert teken til vitande.

### **Vedlegg:**

1. Økonomiske endringar i driftsbudsjettet som følgje av T2/19
2. Fordeling av lønsoppgjera i 2019
3. Vurdering av søknad om økonomisk støtte til etablering av Årdal teknologipark AS
  - 3-1 Søknad frå Årdal teknologipark
  - 3-1a Forretningsplan
  - 3-1b Budsjett
  - 3-2 Juridisk vurdering av støtte til Årdal Teknologipark AS
4. Notat til FU om søknad frå Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS
  - 4-1 Søknad til tilskotsordning til klima- og miljøtiltak
  - 4-2 Program for installasjonar
5. Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan
6. Investeringsprogrammet for fylkesvegar med tilhøyrande finansieringsplan
7. Søknad frå Marheim fjordsenter
  - 7-1 Konseptrapport
  - 7-2 Presentasjon
  - 7-3 Kostnadsoverslag
8. Rapportering på finansporteføljen
9. Rapportering på konsesjonskraftomsetjinga

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. ØKONOMISK STATUS**

Tertialrapporten syner i utgangspunktet eit mindreforbruk på 57,5 mill. kr. Dette skuldast i hovudsak at Sogn og Fjordane Holding AS har vedteke eit høgare utbytte til fylkeskommunen enn det som er lagt til grunn i budsjettet. I tillegg er det auka inntekter frå skatt og ramme-tilskot på om lag 7 mill. kr, og årets lønsoppgjer vart noko mindre enn det som er avsett. Vidare vert det tilrådd å avsette 18 mill. kr på disposisjonsfond til ev. auka kostnadar ved at Sogn og Fjordane teater får leige areal i nytt «Nynorskhus» i Førde. Det vert og tilrådd å løyve 10 mill. kr i støtte til Årdal teknologipark og 2 mill. kr i støtte til Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS. Det vert og reservert (fylkesutvalet) ei løyving på 1,5 mill. kr til eit mineralråd. Til slutt vert det tilrådd å auke skadefond for fylkesvegnettet med 24,0 mill. kr. Tertialrapporten er då saldert. Alle tilrådde endringar vert vist i tabell i vedlegg 1.

Investeringsprogrammet for bygg legg opp til ein samla reduksjon på om lag 38 mill. kr. Reduksjonen er i hovudsak knytt til tidsforskyving.

Investeringsprogrammet for fylkesvegar vert samla redusert med 14,3 mill. kr. Ordinære prosjekt har eit samla mindreforbruk på 19,3 mill. kr, medan skredsikring har eit meirforbruk på 5 mill. kr. Innsparingane på ordinære prosjekt er i hovudsak knytt til forseinkingar som gjer at løyvingane må skyvast til påfølgjande budsjettår.

## **2. DRIFTSBUDSJETTET**

### **2.1 Fylkesskatt og statlege overføringar**

#### Fylkesskatt

Pr. august 2019 har fylkeskommunane ein vekst i skatteinntektene på 3,2 % i høve 2018. Budsjettet bygger på statsbudsjettet der det er lagt til grunn ein vekst på 1,6 %. I revidert nasjonalbudsjett 2019 (RNB) er det lagt til grunn ein vekst på 2,1 %. Skatteanslaget blei ikkje endra i tertialrapport 1/19.

Veksten i skatteinntektene har gradvis blitt redusert gjennom året, men veksten så langt ligg godt over anslaget i RNB. Mykje kan framleis endre seg utover hausten, men legg ein til grunn ein vekst i skatteinntektene på 2,5 % for fylkeskommunane samla, vil det gje ein vekst for Sogn og Fjordane på om lag 5 mill. kr.

#### Rammetilskot

Som følgje av endringar i RNB vil rammetilskotet auke med 1,9 mill. kr.

Samla rår fylkesrådmannen til at skatt og rammetilskotet vert auka med 6,9 mill. kr.

### **2.2 Lokale inntekter**

Sogn og Fjordane Holding AS har vedteke eit utbytte på 75 mill. kr til fylkeskommunen i 2019. I budsjettet ligg det inne 31 mill. kr i utbytte.

Fylkesrådmannen tilrår difor å auke utbyttet med 44 mill. kr.

### **2.3 Renteinntekter**

Jf. vedlagt finansrapport har Sogn og Fjordane fylkeskommune ein likviditet på om lag 2,4 mrd. kr per 31.08.2019. I driftsbudsjettet ligg det til grunn renteinntekter med utgangspunkt i ein snittlikviditet på 600 mill. kr. Overskytande skal etter budsjettføresetnadane salderast mot fond og er føreset nytta til investeringsføre mål seinare år.

Prognosen per 2.tertial tilseier at vi vil få ei monaleg meirinntekt i 2019. Fylkesrådmannen vil kvalitetssikre prognosen for renteinntektene fram til budsjettjusteringssaka i desember. I tråd med tidlegare år vert det lagt opp til å fastsetje endeleg nivå på kapitalinntekter- og utgifter, samt fondsavsetjing på overskytande renteinntekter, i nemnde budsjettjusteringssak.

### **2.4 Unyttige fondsmidlar**

Fylkesrådmannen har etter rapportering pr 1. tertial heldt fram arbeidet med å gjennomgå avsette fondsmidlar. Fylkesrådmannen kan no konkludere med at 0,9 mill. kr på bundne fond og 0,6 mill. kr på disposisjonsfond ikkje lengre er tiltenkt eit konkret føremål. Desse midlane kan difor frigjerast og vert tilrådd nytta som finansieringskjelde tertialrapporten.

### **2.5 Ansvarleg lån til Opplæringsfartøy AS**

Fylkesrådmannen viser til eiga sak til fylkestinget, parallelt med denne saka, som gjeld utviding av låneavtale for Opplæringsfartøy AS. Fylkesrådmannen tilrår her at selskapet får utvida sitt rente- og avdragsfrie lån med 2 mill. kr og at finansieringa må innarbeidast i tertialrapport 2/19.

Fylkesrådmann tilrår å auke utlån til andre med 2 mill. kr.

### **2.6 Driftsmidlar overført til investering**

Jf. omtale under pkt. 2.11 og 2.12 vert driftsmidlar overført til investering tilrådd auka med 2,180 mill. kr.

## 2.7 «Nynorskhus»

I ei samtidig sak vert det lagt opp til at fylkestinget sluttar seg til at Sogn og Fjordane teater inngår avtale om å leige i det framtidige «Nynorskhuset» i Førde.

Som ein konsekvens av ei ev. flytting vil Sogn og Fjordane teater få auka driftskostnader. Fylkesrådmannen meiner det er handlingsrom til å avsette midlar for å dekke ev. ekstra-kostnader for fylkeskommunen i ein periode. Desse kjem i samband med at Sogn og Fjordane teater flyttar inn i «Nynorskhus» og får auka husleigekostnader som følgje av det.

Fylkesrådmannen tilrår at det vert sett av 18 mill. kr på disposisjonsfond til ev. ekstra driftstilskot ved etablering av «Nynorskhus» i Førde.

## 2.8 Skadefond for fylkesvegnettet

Grunna uvær har fylkeskommunen dei seinare åra fått meirkostnader knytt til skadar på fylkesvegnettet. Då staten berre kompenserer delar av meirkostnadane fylkeskommunen får som følgje av naturskadar, ser fylkesrådmannen det som naudsynt å ha ein «buffer» til slike hendingar. Fylkesrådmannen vil tilrå at 24,044 mill. kr av handlingsrommet i denne tertialrapporten vert sett av til skadefond for fylkesvegnettet.

## 2.9 Politisk styring, plan og forvaltning

### Teneste 4009 Avsett til løns- og prisvekst

Lønnsoppgjera for 2019 er avslutta. Det er kompensert etter sentrale tillegg i kapittel 4 og lokale forhandlingar/tillegg i kapittel 3 og 5. Kompensasjonen utgjer samla 23,322 mill. kr, og er fordelt på sektorane i samsvar med vedlegg 2.

Kompensasjonen for årets lønsoppgjer er 5,1 mill. kr lægre enn den avsettinga vi har til dette føremålet. Fylkesrådmannen tilrår at 5,1 mill. kr går inn i salderinga av denne tertialrapporten.

### Teneste 4210 Bygg- og eigedomsforvaltning

Jf. omtale under punkt 2.10 vert tenesta auka med 1,2 mill. kr.

### Teneste 4801 Juridisk honorar

Fylkesutvalet vedtok i sak 63/19 *Eigarstyring Trivselshagen IKS, alternative organisasjonsmodellar* at kostnader knytt til utgreiingsarbeidet og bistand i forhandlingsprosessen skulle innarbeidast i tertialrapport 2/19. Fylkesrådmannen vurderer at det per 2. tertial er dekning innanfor budsjettet til å handtere påløpte kostnader, men vil komme attende i budsjettjusteringssaka i desember om det syner seg naudsynt med ein auke.

## 2.10 Opplæring

### *Teneste 5100 Utgifter til lokale*

Fylkesrådmannen tilrår at 1,2 mill. kr vert overført frå tenesta til teneste 4210 Bygg- og eigedomsforvaltning, jf. punkt 2.9. Dette gjeld kostnader til kommunale avgifter og løyvinga kjem i tillegg til tidlegare overføring, då kostnadane til føremålet er høgare enn tidlegare føreset.

Vidare er det stipulert eit mindreforbruk på tenesta på om lag 3 mill. kr på ufordelt løyving til dei vidaregåande skulane.

Fylkesrådmannen tilrår at tenesta samla vert redusert med 4,2 mill. kr.

### *Teneste 5210 Utdanningsprogramma*

Det er stipulert eit mindreforbruk på tenesta på om lag 6 mill. kr på ufordelt løyving til dei vidaregåande skulane. Tenesta vert sett i samanheng med tenestene 5150 Forvaltning og fellesutgifter og 5200 Pedagogisk leiing mv. Fylkesrådmannen tilrår at tenesta vert redusert med 6 mill. kr.

### *Teneste 5202 Gjestelevar*

Det er stipulert eit meirforbruk på tenesta på om lag 0,8 mill. kr, som følgje av fleire kjøpte plassar enn føresett. Fylkesrådmannen tilrår at tenesta vert styrka tilsvarande.

#### *Teneste 5701 Opplæring i bedrift*

Prognosen tyder på at tenesta kjem ut med eit meirforbruk på tilskot til lærebedrifter, som følgje av auke i tal lærekontraktar. Tilskot til lærebedrifter er ei anslagsløyving og det er uvisse knytt til prognosen. Fylkesrådmannen tilrår at tenesta vert styrka med 8,0 mill. kr.

#### *Teneste 5901 Privatisteksamen*

Det er stipulert eit mindreforbruk på tenesta på om lag 0,7 mill. kr. Dei siste åra har utgiftsnivået vore noko lægre enn budsjettet, grunna omlegging av eksamensordninga. Fylkesrådmannen tilrår at løyvinga vert redusert med 0,7 mill. kr.

#### *Teneste 5313 Jordbruksskulegardar*

Det er stipulert eit meirforbruk på 0,9 mill. kr knytt til gardsdrifta på Mo og Øyrane vidaregåande skule. Fylkesrådmannen tilrår at tenesta vert styrka tilsvarande, som ei eingongsløyving då det er rom innanfor budsjettet til opplæring i 2019.

#### *Resultatoverføringsordning*

Som ei oppfølging av FT-sak 12/19 *Vurdering av akkumulert mindreforbruk knytt til resultatoverføringsordningane* vil fylkesrådmannen informere om at det er dokumentert realistiske planar for disponering av overskotet i 2019.

## **2.11 Samferdsle**

### Teneste 7222 Fylkesvegar – drift og vedlikehald

Statens vegvesen sine prognoser for drift og vedlikehald syner eit mindreforbruk på 7 mill. kr (brutto).

Innafor drift syner prognosen eit meirforbruk på 16 mill. kr. Dette skuldast hovudsakleg oppryddingsarbeid etter flaumen i Jølster, Gloppen og Førde i slutten av juli. Reparasjonane er venta å koste opp mot 50 mill. kr totalt, med 10 mill. kr i 2019 og resten i påfølgjande år. Den største kostnaden er bygging av ny Tverrelva bru i Ommedal i Gloppen til om lag 33 mill. kr. Fylkesrådmannen legg opp til å søkje Kommunal- og moderniseringsdepartementet om skjønnskostnader knytt til ekstrakostnadane flaumen har påført oss.

Innafor vedlikehald syner prognosen eit mindreforbruk på 23 mill. kr. På tunnelvedlikehaldet ligg det an til eit samla mindreforbruk på 45 mill. kr. Dette skuldast dels at utlysning av fv. 615 Fløga- og Eikenestunnelen vart sett på vent pga. av at det ville vere krevjande å finansiere tunnelrehabiliteringa i det omfanget som tunnelrehabiliteringsplanen legg opp til i 2020. Det er også noko forseinkingar knytt til fv. 53 Steiggjetunnelen som bidreg til mindreforbruket. For å redusere mindreforbruket innafor vedlikehald er det sett i gang noko meir dekkelegging. Det har også vore nødvendig å reparere/forsterke vegane ved Blakset og Flo for å ikkje få stogg i anleggsarbeidet med desse prosjekta.

Sjølv om prognosane samla sett syner eit lite mindreforbruk legg ikkje fylkesrådmannen opp til noko budsjettjustering på dette tidspunktet.

### Teneste 7223 Fylkesvegar – uføresette hendingar

Fylkesrådmannen tilrår at ledige midlar frå kollektivområdet på 3,4 mill. kr, jf. under, vert overført til denne tenesta. Denne auken vert sett i samband med kostnader til oppryddingsarbeid etter flaumen i juli 2019, samt erfaringar frå tidlegare år med ytterlegare skadar på fylkesvegane grunna uvær. Viss løyvinga ikkje vert nytta i 2019 vert den avsett til skadefond for fylkesvegnettet til bruk seinare år.

### Teneste 7303 Ungdomstilbod

Det er eit mindreforbruk på 0,5 mill. kr knytt til lokale transporttiltak for ungdom (LTU). Dette skuldast at kommunane har hatt unytta midlar frå tidlegare tildelingar. Midlande vert tilrådd omdisponert til teneste 7223 Fylkesvegar – uføresette hendingar.

### Teneste 7306 Diverse kollektiv

Samla mindreforbruk på 4,2 mill. kr er i hovudsak knytt til elektronisk billettering og marknads-tiltak. Kostnad til vedlikehald av billettmaskinar har vore lågare en venta. Under marknadstiltak var

det sett av eit beløp i tilfelle behov for mindre justeringar og tilpassingar, t.d. til «Travel like the locals»-satsinga. Det har ikkje vore behov for tiltak på dette området i år.

Det er behov for nye ruterar til billettmaskinane i bussane i Sunnfjord og Nordfjord grunna utdatert materiell kombinert med Telenor si sløkking av 3G-nettet i fylket. Samla kostnad er anslått til 1,8 mill. kr ekskl. mva. Fylkesrådmannen rår til at 1,8 mill. kr vert omdisponert til driftsmidlar til investering for å dekke denne investeringa.

Resten av mindreforbruket, 2,4 mill. kr, vert omdisponert til 7223 Fylkesvegar, uføresette hendingar.

#### Teneste 7321 Båt – diverse

Sambandet Barmen-Barmsund er i løpet av 2019 blitt eit fylkesvegferjesamband. Det viser seg at kostnad for perioden etter oppstart og ut 2019 er budsjettert både på teneste 7321 og teneste 7310. Dette medfører eit mindreforbruk på teneste 7321 på 1,5 mill. kr.

Fylkesrådmannen tilrår at mindreforbruket på 1,5 mill. kr blir omdisponert til teneste 7322 Båt – ekspress- og lokalruter.

#### Teneste 7322 Båt – ekspress og lokalruter

Prognosen syner eit meirforbruk på ekspress- og lokalbåtrutene på om lag 1,5 mill. kr knytt til regulering av kontraktane. Tenesta vert tilrådd auka med 1,5 mill. kr.

#### Teneste 7331 Tilrettelagt transport

Heilårskostnad for nye serviceskyssruter som vart starta opp hausten 2018 har vist seg å bli lågare enn budsjettert. Dette medfører eit mindreforbruk på om lag 0,5 mill. kr.

Fylkesrådmannen tilrår at mindreforbruket på 0,5 mill. kr vert omdisponert til teneste 7223 Fylkesvegar – uføresette hendingar.

## **2.12 Næring og kultur**

### Teneste 7011 Kommunikasjonsteknologi

Unytta regionale utviklingsmidlar (KMD-midlar) frå tidlegare år er avsett på fond. Ved gjennom-gang av disponible fondsmidlar hausten 2019 ser vi at det står 6,5 mill. kr i unytta regionale utviklingsmidlar på bundne fondskonti som ikkje er løyvd til konkrete føremål.

Det er søkt om støtte på 34,3 mill. kr til breibandprosjekt i Sogn og Fjordane i 2019. Hovudutval for næring og kultur har no gjeve tilsegn til prosjekt på til saman 15,5 mill. kr og det er tilrådd å løyve ytterlegare 2,1 mill. kr i møte til hovudutval for næring og kultur 1. oktober.

Der er såleis mange prosjekt som ikkje får støtte, og fylkesrådmann vil difor tilrå at 4,190 mill. kr av dei unytta regionale utviklingsmidlane vert nytta til breibandprosjekt i 2019.

Fylkesrådmannen tilrår at teneste 7011 vert auka med 4,190 mill. kr, bruk av bundne fond vert auka tilsvarande. Løyvinga gjev såleis ingen salderingsmessig konsekvens.

Bruken av resterande 2,310 mill. kr i unytta KMD-midlar vert omtala under teneste 7015.

### Teneste 7012 Bransjeretta satsing

Det vert vist til sak om deltaking i eit mineralråd for fylket, som går til fylkestinget parallelt med denne saka. Fylkesrådmannen tilrår no at det vert reservert 1,5 mill. kr til dette føremålet, jf. nemnde sak.

### Teneste 7015 Nyskaping

#### *Unytta regionale utviklingsmidlar (KMD-midlar)*

Jf. omtale under teneste 7011, vert 2,310 mill. kr av unytta KMD-midlar henta inn og tilrådd lagt i budsjettet på teneste 7015.

Midlane skal nyttast til tiltak som står opp om satsingane i verdiskapingsplanen og til rette-legging for næringsutvikling. Midlane vert førebels lagt på denne tenesta, og fylkesrådmannen vil komme attende i budsjettjusterings-saka i desember med endeleg tildeling av midlane på relevante tiltak.

#### *Årdal teknologipark AS*

I handsaming av tertialrapport 1/19 blei følgjande vedteke: «Fylkestinget viser til søknad frå Årdal teknologipark og ber om at denne vert vurdert fram mot 2. tertialrapport».

Søknaden er vurdert opp mot statsstøtteregulverket og det er gjort ei fagleg vurdering av søknaden. Den faglege og juridiske vurderinga følgjer som vedlegg 3.

I tråd med vurderingane i vedlegget vert det tilrådd å løyve 10 mill. kr til Årdal Teknologipark AS.

#### *Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS*

I FU-sak 72/19 *Skriv og meldingar* blei det lagt fram eit notat som omhandla søknad frå Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS. Det er søkt om 2 mill. kr til delfinansiering av program for installasjonar på senteret. Fylkesutvalet stilte 28.08 positive til søknaden dersom det lot seg gjera å finansiere tiltaket. Fylkesrådmannen tilrår no å løyve 2 mill. kr til dette. Notat og søknaden følgjer som vedlegg 4.

Samla vert tenesta auka med 14 mill. kr. Bruk av bundne fond vert auka med 2 mill. kr.

#### Teneste 7500 Kulturminnevern

I pkt. 3.1 vert det tilrådd å investere i ny databaseløysing til fylkesarkivet. Fylkesarkivet kan sjølv dekke 0,380 mill. kr av denne investeringskostnaden.

Fylkesrådmannen tilrår at 0,380 mill. kr vert omdisponert til driftsmidlar til investering.

#### Teneste 7750 Idrett

I tertialrapport 1/18 blei det løyvd til saman 16 mill. kr i tilskot til ulike idrettsanlegg. Då ingen av prosjekta var kome så langt at vilkåra for utbetaling var oppfylt i 2018, blei midlane sett av på disposisjonsfond.

No er Arena Stryn (4 mill. kr), skytebane i Fjaler (1,5 mill. kr) og Sogndal klatreanlegg (0,5 mill. kr) i posisjon til å få utbetalt tilskota. Fylkesrådmannen tilrår difor å auke tenesta med 6 mill. kr, med tilsvarande bruk av disposisjonsfond. Dette gjev såleis ingen salderingsmessig konsekvens.

### **2.13 Uttreden av SF revisjon IKS – økonomiske konsekvensar**

I sak 38/18 vedtok fylkestinget at fylkeskommunen skulle starte arbeidet med å tre ut av Sogn og Fjordane revisjon IKS. Fylkeskommunen sine forpliktingar i høve uttreden av SF revisjon IKS er varsla å ligge i storleiken 2,5 – 3 mill. kr. Dette må fylkeskommunen betale i 2019. Fylkesrådmannen vil komme attende til dette i desembersaka.

## **3. KAPITALBUDSJETTET**

### **3.1 Investeringsprogrammet for bygg**

I denne tertialrapporten legg fylkesrådmannen opp til ein samla reduksjon i investeringsprogram bygg med om lag 38 mill. kr. Reduksjonen er i hovudsak knytt til tidsforskyving. Fylkesrådmannen føreset at reduserte løyvingar som følgje av tidsforskyvingar vert løyvd opp at i investeringsprogrammet for Vestland fylkeskommune i budsjett 2020/økonomiplan 2020-23.

Detaljert investerings- og finansieringsprogram for bygg følgjer som vedlegg 5.

Endringar i investeringsbudsjettet utover tidsforskyvingar er omtala under.

#### IU200 – Utstyrsmidlar skulane

Ved ein feil vart ikkje heile beløpet som er unytta frå 2018 knytt til investeringar i utstyr og større inventar løyvd opp att i tertialrapport 1/19. Fylkesrådmannen legg difor no opp til å auke denne løyvinga med 2,373 mill. kr.

Investeringar i tannklinikkar

Fylkesrådmannen har lagt inn verknadene av vedtaka i FT-sakene 12/19 og 13/19 i investeringsbudsjettet. Sakene gjeld disponering av akkumulert mindreforbruk på tannhelsetenesta, samt oppfølging av klinikkstrukturen på tannhelse. Midlane som er føresett nytta i 2019 er lagt inn i vedlegg 5. Fylkesrådmannen har i tillegg innarbeidd konsekvensane av vedtak i FU-sak 66/19 angående kjøp av eigedom på Eid.

Utifrå samla investeringskostnad for prosjekta som vart lagt inn i FT-sak 13/19, er det framleis noko fondsmidlar som ikkje er disponert på resultatfondet for tannhelse. Fylkesrådmannen legg opp til å nytte 2 mill. kr av desse midlane i 2019 til digitale avtrykk. Digitale avtrykk gir meir effektivitet i behandlingssituasjonen, lite ubehag for pasienten (fråvær av avtrykksmateriale i pasienten sin munn), presist avtrykk av tenner, mindre postgang og digitaliseringa fører til enkel arkivering. Det vert lagt opp til ein kostnad på 0,2 mill. kr per klinikk, og samla er det planlagd å utstyre 10 tannklinikkar med dette.

Dei resterande fondsmidlane knytt til resultatoverføring for tannhelse, utover det som er løyvd i 2019, vert flytta til aktivitetsfond investeringstiltak for å nyttast til utstyr i nye tannklinikkar i Førde og Sogndal.

Ny databaseløysing – fylkesarkivet

Fylkesrådmannen tilrår å nytte 0,875 mill. kr til ny databaseløysing for fylkesarkivet. Denne gjeld foto, tradisjonsmusikk, AV-materiale, lag og organisasjonar, møtebokregister og amerikabrev og inkl. ny teknisk plattform og kostnader knytt til flytting av innhald frå fylkesarkivet sine kjelde-databasar til ny løysing. Investeringa vert finansiert med 0,100 mill. kr i unytta midlar på prosjekt KU004 Kulturminne, 0,380 mill. kr overført frå driftsbudsjettet, låneopptak på 0,220 mill. kr og mva. refusjon. Som følgje av dette vert løyvinga til KU004 Kulturminne også redusert.

Nye ruterar – elektronisk billettering

Fylkesrådmannen tilrår å løyve 2,250 mill. kr til nye ruterar til billettmaskinane i bussane i Sunnfjord og Nordfjord. Grunnlaget for investeringa er at materiell i bussane er utdatert samt at Telenor stenger ned 3G-nettet i fylket. Fylkesrådmannen tilrår at prosjektet vert finansiert med 1,8 mill. kr frå driftsmidlar overført til investering og mva. refusjon.

Nye prosjekt – ikkje fordelt pr. år

Det er i budsjettet sett av 6 mill. kr til prosjekta til planlegging av nye investeringar. Planleggingsmidlane vert no fordelt per prosjekt og fordelinga kjem fram av vedlegg 5.

Samla er det planlagt å nytte 4 mill. kr i 2019. Dei resterande 2 mill. kr vert forskyvd til 2020, og er føresett lagt inn i budsjett 2020/økonomiplan 2020-23 for Vestland fylkeskommune.

Bruk av unytta lånemidlar

Fylkesrådmannen legg opp til at lånemidlar frå tidlegare år vert auka med 12,792 mill. kr. Dette er knytt til prosjekt som har unytta løyving frå 2018, der tilhøyrande prosjektløyving er forskyvd til seinare år (2020 og utover). Ved ein feil vart ikkje dei unytta lånemidlane løyvd opp att i 1.tertial. Fylkesrådmannen legg no opp til å nytte desse midlane i 2019, med tilsvarande reduksjon i årets lånemidlar. Årets lånemidlar vert forskyvd til seinare år, og er føresett løyvd opp i budsjett/økonomiplan for Vestland fylkeskommune.

Sal av aksjar

I sak 59/19 vedtok fylkesutvalet å selje aksjane som fylkeskommunen eig i Firda billag AS til Firda billag AS for 5,5 mill. kr. I saka vart det lagt opp til at disponering av inntekta skulle innarbeidast i tertialrapport 2/19. Fylkesrådmannen tilrår at inntekta vert nytta til å redusere årets låneopptak.

Refusjon av prosjekteringskostnadar for «Kløften»

I FU-sak 39/19 fekk fylkesrådmannen i oppdrag å sende eit refusjonskrav til Førde kommune knytt til dekking av prosjekteringskostnadar for «Kløften». Førde kommune har no betalt sin del av kostnadane som fylkeskommunen tidlegare har forskottert ved bruk av fond. Fylkesrådmannen legg opp at inntekta vert nytta til å redusere årets låneopptak.

**3.2 Investeringsprogrammet for fylkesvegar**

Fylkesrådmannen tilrår ein reduksjon i investeringsbudsjettet i 2019 på 14,3 mill. kr frå 519,7 mill. kr til 505,4 mill. kr.

Ordinære prosjekt har eit samla mindreforbruk på 19,3 mill. kr medan skredsikring har eit meirforbruk på 5 mill. kr. Innsparingane på ordinære prosjekt er i hovudsak knytt til forseinkingar som gjer at løyvingane må skyvast fram til påfølgjande budsjettår.

Det vert tilrådd følgjande endringar i prosjektløyvingane:

*Store prosjekt:*

Fv. 60 Ugla – Skarstein vert redusert med 4,4 mill. kr. Det er grunnkjøp som står att og prosjektet vert avslutta i 2019. Midlane vert overført til post for Grunnerverv mv. for avslutta prosjekt.

Fv. 698 Blaksettunnelen vert auka med 15,7 mill. kr grunna justering knytt til utbetalingsplan. Det har også vore nødvendig å flytte påhogg i aust ut frå geologiske forhold. Dette har forlenga tunnelen med 25 meter. Totalprognosen for prosjektet er førebels uendra og budsjettauken i 2019 vert justert med tilsvarande reduksjon i påfølgjande år.

*Mindre utbetringar:*

Saldering av avslutta prosjekt. Følgjande prosjekt vert avslutta og samla restløyvinga på prosjekta på 4,2 mill. kr vert overført til post for Grunnerverv mv. for avslutta prosjekt:

- Fv. 243 Møteplassar Aurland - Bellsvingen
- Fv. 577 Øverbotn bru I og II
- Fv. 618 Barmen - Barmsund
- Fv. 698 Blakset – Blekesvingen, møteplassar i Stryn

Fv. 055 Utviding Fortun vert redusert med 3 mill. kr grunna i at oppstart av kontrakt vert i 2020.

Fv. 57 Dale – Storehaug vert redusert med 5,1 mill. kr. Det er ikkje avklart kva tiltak som skal utførast og arbeid vert ikkje starta i år.

Fv. 442 Hovland I Indre, Hovland II og Hovland Ytre er eit nytt prosjekt og det vert løyvd 0,5 mill. kr til oppstart av prosjektering. Hovlandsbruene ligg på fv. 542 i Flora kommune ved Eikefjorden. Alle bruene er platebruer i betong og landkar i stein. Bruene har ein lengde på ca. 5,5 meter.

Ved kontrollrekning blei det konkludert med at bruene ikkje held forskriftslast Bk10/60, og det blei bestemt å forsterke bruene ved oppstempling som ein midlertidig løysning for å halde normal trafikk på vegen. Dette er ei straksløysing og ikkje ei varig løysinga då den snevrrar inn mykje av lysopninga og dermed er utsett med tanke på flaum. Det vil vere nødvendig å starte bygging av nye bruer i 2020/2021. Samla kostnad er førebels vurdert til omlag 60 mill. kr.

Fv. 615 Hyen – Storebru, mindre punkttiltak vert redusert med 3,1 mill. kr. Det pågår prosjektering med utlysing og oppstart våren 2020.

Fv. 624 Husevågøy ferjekai vert redusert med 1,9 mill. kr. Det vert utført prosjektering i 2019 og bygging i 2020.

Fv. 724 Oldedalen, mindre punkttiltak vert redusert med 1,6 mill. kr. Prosjektet vart utsett i turistsesongen. Oppstart i november og slutføring våren 2020.

*Gang og sykkelveggar:*

Fv. 548 Brandsøy – Solheim vert redusert med 4,5 mill. kr knytt til framdrift i prosjektet. Oppstart vert i 2020.

Fv. 607 Heggebø – Leirvik vert redusert med 4 mill. kr grunna forseinkingar i utlysing då reguleringsplan ikkje vart godkjent før i juni. Tidlegaste oppstart vert i nov/des 2019.

Fv. 614 Breivika – Svelgen vert redusert med 11,8 mill. kr. Prosjektet vart forseinka grunna i at samarbeidspart på bygging av fellesgrøft trekte seg rett før utlysing av kontrakt. Det er usikkert om det vert oppstart i år.

*Planlegging og prosjektering:*

- Planlegging og prosjektering vert auka med 2,1 mill. kr. Meirbehovet er i hovudsak knytt til Atløysambandet (2,5 mill. kr) grunna høgare kostnader til arkeologiske undersøkingar og

grunnundersøking i sjø. I tillegg er det noko mindreforbruk samla på planlegging på 0,4 mill. kr grunna forseinkingar.

#### *Grunnkjøp mv. for avslutta prosjekt*

Løyvinga vert redusert med 2,6 mill. kr knytt til prognoser for attståande utbetalingar.

Midlane vert å sjå i samanheng med saldering av meirbehov på planlegging og prosjektering på 2,1 mill. kr, samt løyvinga til prosjektering på 0,5 mill. kr på Fv. 442 Hovland I Indre, Hovland II og Hovland Ytre.

#### *Skredsikring:*

Budsjett til skredsikring vert auka med 5 mill. kr. Endringane er knytt til følgjande prosjekt:

Fv. 53 Ljoteli vert auka med 3,6 mill. kr knytt til oppdatert prognose på forbruk i 2019.

Fv. 241 Nautgrovi vert redusert med 0,7 mill. kr grunna billegare kontrakt enn føreset.

Fv. 633 Kleiva vert auka med 2,1 mill. kr grunna endringar i mengder og tilleggsarbeid.

Ein samla oversikt over endringar i investeringsprogrammet for fylkesveggar i 2019 er synt i vedlegg 6.

## **4. ANDRE SAKER**

Fylkesrådmannen har motteke søknad frå Marheim fjordsenter om støtte på 40 mill. kr til realisering av fjordsenteret Marheim i Fjærland. Då vi nyleg har motteke søknaden, har ikkje fylkesrådmannen har ikkje høve til å vurdere denne. Omsøkt beløp er stort. Søknaden følgjer som vedlegg 7.

## **5. RAPPORTERING PÅ FINANSPORTEFØLJEN OG KONSESJONSKRAFT**

Rapportering på finansporteføljen per 2. tertial vert lagt fram for fylkestinget som ein del av tertialrapport 2/19. Rapporten følgjer som vedlegg 8.

Rapportering på konsesjonskraftomsetjinga per 2. tertial vert lagt fram for fylkestinget som ein del av tertialrapport 2/19. Rapporten følgjer som vedlegg 9.